



Harald Bjarte Lie
Øvre Kalfarlien 49
5022 Bergen

Dato: 19.05.2016
Vår ref.: 2015/10280-23
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Varsel om arkeologisk registrering - planarbeid ny veg fv 555 Kolltveit-Austefjorden

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan for ny fv 555 Kolltveit- Austefjorden, datert 08.10.15. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet med heimel i § 9 i kulturminnelova.

Varsla planområde dekker arealet vist på vedlagt kart, frå Kolltveit i Fjell kommune til Austefjorden i Sund kommune. Etter søk i matrikkelen framkjem dykkar namn og adresse som heimelshavar i del av arealet. Dette brevet er sendt alle grunneigarar innanfor planområdet, ikkje alle vil verte direkte råka av våre undersøkingar. Vi ber om at grunneigar orienterer eventuelle andre brukarar av areal innanfor planområdet.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre feltarbeid i planområdet i perioden 23.05.16-19.07.16. Undersøkingane vil føregå ved overflatesøk, metallsøk, prøvestikking med spade og sjaktning med gravemaskin. Prøvestikka er vanlegvis om lag 40x40 cm, og blir fylt igjen innan feltarbeidet er avslutta. Dyrka mark, eventuelt tilgjengeleg beitemark, blir vanlegvis undersøkt ved å grave sjakter med gravemaskin. Ved maskinell sjaktning blir matjord og eventuell annan masse avdekka ned til undergrunnen. Sjaktene er vanlegvis 3-4 m breie, lengda vil variere med topografi, funntilhøve, moderne inngrep i grunnen m.m. Dybda kan variere mykje avhengig av tjukne på overdekkande massar, erfaringsmessig frå 25 cm og opptil 2-3 m. Delar av dyrka areal innanfor planområdet vil òg bli undersøkt gjennom søk med metalldetektor. I areal kor det blir planlagt metallsøk og bruk av gravemaskin vil vi ta direkte kontakt med den einskilde grunneigar.

Tiltakshavar, i dette tilfellet Fjell kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, 55 23 91 72/48 18 95 25, Heidi.Handeland@hfk.no. For spørsmål vedrørende planarbeidet kan ein ta kontakt med Fjell kommune.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.